



Kålås og Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/853 - 15/4755

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
23.10.2015

Melding om delegert vedtak - riving og oppføring av nytt redskapshus - gbnr 38/12 Kvingo

Administrativt vedtak. Saknr: 114/2015

Tiltakshavar: Gunn
Hindenes Andås og Lars
Andås

Ansvarleg søkjar: Kålås
og Sønn
Byggevarehandel AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmann viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om riving av driftsbygning, og oppføring av redskapshus, gbnr 38/12 Kvingo.

Søknad med vedlegg mottatt 15.10.2015 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket skal takast i bruk.
- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.09.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Restavfallet etter riving skal leverast til godkjent avfallsanlegg, og sluttrapport på avfall sendst til kommunen når tiltaket er avslutta.

Grunngjeving:

Søknad er i trå med kommuneplanen.

Heimel:

Kommuneplan 2012-2024
Plan – og bygningslova

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Kålås & son Byggevarerhandel A/S	940215897	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Kålås & son Byggevarerhandel A/S	940215897	S	1	Ansvarleg for Utarbeiding av situasjonsplan, Trekonstruksjon,
PRO	Ikkje valgt				Grunn og betong
UTF	Kålås & son Byggevarerhandel A/S	940215897	s	1	Plassering av bygg
UTF	Kålås & son Byggevarerhandel A/S	940215897	S		Tømrrar arbeid
UTF	Ikkje valgt				Riving
UTF	Ikkje valgt				Grunn og betong

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.6	Basisgebyr for andre bygg, konstruksjon og anlegg	1	5000,-
10.3.3	Godkjenning av ansvarsrett (der tiltakshavar har ansv. foretak)	1	1650,-
	Totalt gebyr å betala		6 650,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
fungerande teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

3812

Kopi til:

Gunn Hindenes Andås og Lars Andås Austfjordvegen 5981
1125

MASFJORDNES

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Saka gjeld søknad om riving av driftsbygning, og oppføring av redskapshus, gbnr 38/12 Kvingo.

2. Uttale

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Saka er nabovarsla, det er ingen merknader i saka.

3. Høyring

Ikkje naudsynt.

4. Fakta

Søknaden gjeld søknad riving av driftsbygning, og oppføring av redskapshus, gbnr 38/12 Kvingo. Restavfallet etter riving skal leverast til godkjent avfallsanlegg, og sluttrapport på avfall sendst til kommunen når tiltaket er avslutta.

Redskapshuset vert plassert på same stad som driftsbygninga.

Arealdelen til kommuneplan:

2.1.11 Område for kombinert bebyggelse og anleggsfremål

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til kombinert føremål bustad / næring med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal.

I eksisterande byggjeområde kan løyve til mindre tiltak på bygd eigedom gjevast utan

krav til regulering jf pbl § 11-10 nr 1.

Sefrak: Driftsbygninga er ikkje sefrakregistrert.

Plassering:

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 14.09.2015.

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

5. Vurdering:

Kålås & son Byggevarehandel A/S, vert godkjent som ansvarleg SØK for tiltaket, og er ansvarleg for att alle oppgåver er belagt med ansvar.

Søknad for PRO og UTF grunn og betong fundament er ikkje valgt, dette må sendast inn før igangsetting av dette. Jf SAK 6-8.

I eksisterande byggjeområde kan løyve til mindre tiltak på bygd eigedom gjevast utan

krav til regulering jf pbl § 11-10 nr 1. Masfjorden kommune ser på dette tiltaket som mindre tiltak på bebygd eigedom.

6. Konklusjon

Jf, vedtak.

Mottakarar:

Kåls og Sønn Byggevarehandel AS Sauvågen 83 5915

HJELMÅS